

KOMMUNESTYRET

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 22.10.2009

Møtetid:

Kl. 15:00 – 17:00

Møtestad: VINNES SKULE

Saksnr.:

109/09 - 128/09

Følgjande medlemer møtte:	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Helge Andre Njåstad	Frp	Grete Hammervold	Frp
Jostein Blænes	”	Harry Haugland	”
Renate Møgster Klepsvik	”	Grethe Drønen Ringdal	H
Kjetil Østervold	”	Øystein Rabben	”
Olav Njåstad	”	Eli Torgnes Sæle	”
Øystein Østervold	”	Ingrid Møgster	Ap
Narve Møgster	”	Mona Solbakken	”
Ingunn Berge Vik	H		
Kurt Frank	”		
Edvard Johannes Stangeland	Sp		
Ingrid Vågen Duesund	”		
Ove Fagerbakke	Ap		
Christian Halstensen	Krf		
Torfinn Grav	”		

Forfall meldt frå følgjande medl.:	Parti	
Helge Otterå	Frp	
Ronald Persen	”	
Morten Storebø	H	
Julie Solbakken	”	
Arne Kalve Klepsvik	”	
Jane Stangeland	Ap	
Andreas Risøy	”	

Møteleiar:	Ordførar Helge Andre Njåstad
Frå adm. møte:	Rådmann Rolf Nøstdal, helse- og sosialsjef Arve E. Sunde, økonomisjef Liv Bente Storebø og nestleiar Osk Astrid Norunn Fagerbakke
Utlevert i møtet:	Tilråding frå kontrollutvalet sak 125/09, sak 126, 127 og 128/09.
Merknader:	Ingen merknader
Innkalling:	Ingen merknader

Helge Andre Njåstad

Ordførar

Jostein Blænes

Ingunn Berge Vik

109/09: GODKJENNING MØTEBOK KOMMUNESTYREMØTE 17.09.2009

Vedtak:

Møteboka frå møte i kommunestyret 17. september 2009 vert godkjent slik ho ligg føre.

110/09: UNDERSKRIVING AV MØTEBOKA

Vedtak:

Til å skriva under møteboka saman med ordførar vert valde:

Ingunn Berge Vik og Jostein Blænes

111/09: POLITISK KVARTER

Handsaming i møtet:

Ordføraren informerte om:

Hamneprosjekt Rabben/Salthella – folkemøte

Stolmavågen fiskerihamn – status

Transport av farleg god med ferjene

Samfunnsbåt ytre øyane

Fylkesvegplanen 2010 – 2019

Spørsmål frå Renate Møgster Klepsvik:

Austevoll kommune fakturerer i dag halvårleg og kvartalsvis. Dette resulterer i store faktura, som kan vera ei utfordring for innbyggjarane å betala. Andre bedrifter i kommunen fakturerer månadleg, 12 ganger årleg. Dette er betre for folk flest og gjev bedriftene ein jamnare og rettare likviditet.

Kor tid kan Austevoll kommune gå over til månadleg fakturering.

Svar frå rådmannen:

Spørsmålet er oversendt økonomisjefen. Rådmannen vil koma med svar når økonomisjefen har vurdert om det vil bety auka kostnader for kommunen å fakturera kvar mnd.

Spørsmål frå Grethe Hammervold:

1. Vinnesvåg Vel har sendt eit brev til kommunen vedk. inventar som var på Vinnes skule. Bygda ønskjer å få klarhet i dette, alle håper at dette løyser seg og at bygda får tilbake inventar og utstyr. Dette er utstyr som bygda har kjøpt og jobba for på dugnad.
2. Kor mange sjukepleierstillinger har kommunen og kor mange av desse er ikkje besatt av sjukepleiarar?
Er det lettare å bemanna dei med fast personale dersom dei vert gjort om til hjelpepleiar-/omsorgsarbeiderstillinger.

Svar frå rådmannen:

Inventar på Vinnes skule er flytta til andre skular. Rådmannen har registrert at det er kome brev om flytting av inventar, skulesjefen vil svara på dette.

Vanleg at kommunen tar med inventar som er kommunen sin eigedom.

Spørsmål 2 vil administrasjonen koma attende til.

Svar frå ordføraren:

Dersom noko av inventaret tilhøyrrer bygda skal dette tilfalle bygda sjølvsgt.

Spørsmål frå Øystein Østervold:

Buss-skuret som står ved Selbjørn skule er trafikkfarleg. Grunnen til dette er at veggen som går opp til kunstgrasbanen kom etter at skuret vart sett opp. Dette tek sikta når ein kjem ned frå hus i nærleiken. Ein kan ikkje sjå om det kjem bil eller folk ifrå banen før det nesten er for seint. Det er 2 husstander dette gjeld. Skuret må flyttast 20 – 30 meter til der bussane stopper.

Svar frå rådmannen:

Spørsmålet/saka vert oversendt offentleg servicekontor, som vil gje svar.

Vedtak:

Vert lagt ved møteboka.

112/09: Referatsaker

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

113/09: MØTEPROTOKOLL FRÅ MØTE I KONTROLLUTVALET 02.09.2009

Vedtak:

Austevoll kommunestyre tek møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 02.09.2009 til orientering.

114/09: REKNESKAPSRAPPORT ETTER AUGUST 2009

Vedtak:

Austevoll Kommune tek rekneskapsrapport etter august 2009 til orientering.

115/09: VAL TIL OVERFORMYNDERIET

Handsaming i møtet:

Varamedlemane vert gjenvald.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre veljer Edvard Johannes Stangeland som medlem i overformynderiet, funksjonstid fram til 31.12.2013.

Varamedlemane vert gjenvald.

Overformynderiet vert samansett slik og gjeld frå 1. januar 2010:

Medlemer:

Edvard Johannes Stangeland, forretningsfører
Anne-Kristine Bakke

Funksjonstid:

31. desember 2013
31. desember 2011

Varamedlemer:

1. Magnhild Grindheim
2. Oddvard Stangeland

Funksjonstid:

31. desember 2011
31. desember 2011

116/09: OMVAL TIL TENESTEUTVALET

Handsaming i møtet:

Framlegg frå FRP v/Renate Møgster Klepsvik:

Anne Kathrine Drønen vert vald til 6. vararepresentat for FRP til tenesteutvalet.

Ved røysting vart framlegget samrøystes vedteke.

Vedtak:

Anne Kathrine Drønen vert vald til 6. vararepresentat for FRP til tenesteutvalet.

117/09: FRAMLEGG TIL REGULERINGSPLAN FOR GNR. 29 BNR. 10, 15, 16 M. FL. KVALØY.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsplan for gnr. 29, nr. 10, 15, 16, med fleire på Kvaløy. Plankartet er datert 23.09.2009 og føresegnene er datert 01.07.2009.

118/09: GNR. 33 BNR. 10 OG 11, ØKLAND, BARMEN. REGULERINGSPLAN.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsplan for gnr. 33, bnr. 10 og 11, Barmen. Plankartet er dt 22.01.2009 og føresegnene dt 14.08.2009.

119/09: REGLEMENT FOR DELEGERING AV MYNDE

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek *Reglement for delegering av mynde for Austevoll kommune*. Kommunestyret føreset at reglementet blir oppdatert ved endringar.

120/09: VINNES SKULEHUS - DISPONERING

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre vedtek at Vinnes Velforening får overta Vinnes skulehus med uteareal vederlagsfritt mot å dekkja kostnadene med overtaking av eigedomen.
2. Vedtaket er gjort under føresetnad av at grunnspørsmålet vedkomande tomten skulehuset står på vert ordna. Rådmannen får fullmakt til å setja i verk naudsynte tiltak og godkjenna avtale. Eventuelle kostnader må dekkast av Vinnes Velforening.

121/09: AVTALE MELLOM AUSTEVOLL KOMMUNE OG AUSTEVOLL ARBEIDSSAMVIRKE A/S OM DRIFT AV ARBEIDSTRENINGSAVDELING.

Vedtak:

Austevoll kommunestyre godkjenner det nye avtaledokumentet frå Austevoll Arbeidsamvirke AS vedkomande AT – avdelinga med følgjande endring i pkt. 4 :

”ASV vil til ei kvar tid ha ein fagperson med 3-årig helse-/sosialfagleg høgskuleutdanning i bedriften som kan ivareta det faglege innhaldet i avdelinga.”

122/09: AUSTEVOLL UNGDOMSSKULE. TILRETTELEGGING AV GARDEROBAR FOR RØRSLEHEMMA.

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Ove Fagerbakke til nytt pkt. 1:

”1. Kommunestyret vedtek å gå for alt. 1 Tilbygg med toalett og garderober med direkte tilgang til symjehallen, førebels berekna kostnad kr. 2,4 mill.”

Det vart først røysta over formannskapet si tilråding pkt. 1 og framlegget frå Ove Fagerbakke. Formannskapet si tilråding pkt. 1 vart vedteke, framlegget frå Ove Fagerbakke fekk 3 røyster (Ap – Ove Fagerbakke, Ingrid Møgster og Mona Solbakken).

Det vart deretter røysta over pkt. 2 i formannskapet si tilråding, som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre vedtek å gå for alt. 3 med tilrettelegging av garderober for funksjonshemma i del av mediateket ved symjehall.
2. Austevoll formannskap før delegert mynde til å godkjenne innkomne tilbod.

123/09: KULTURSALEN STOREBØ SKULE

Handsaming i møtet:

Etter at møte var over ba representanten Mona Solbakken (Ap) om følgjande tilførsle om denne saka, støtta av representantane Ove Fagerbakke (Ap) og Ingrid Møgster (Ap). Representanten var klar over at det var for seint å gje uttrykk for synspunkt etter at saka var vedteke, men tok likevel opp spørsmålet. Ordføraren føreslo at representantane kunne gje uttrykk for sitt syn gjennom ein protokolltilførsle:

Representanten sette fram slik protokolltilførsle for å tilkjenne synspunkt i saka:

”Austevoll kommunestyre vedtek å halda fram med gjeldande praksis og reglar ved utleige av kultursalen ved Storebø skule.”

Vedtak:

Austevoll kommunestyret vedtek at Storebø skule disponerer kultursalen som planlagd i skuleåret 2009 – 2010. For 2010 – 2011 bør kultursalen bli frigjort tidlegast mogleg om fredagane.

Følgjande protokolltilførsle vert lagt ved møteboka:

”Austevoll kommunestyre vedtek å halda fram med gjeldande praksis og reglar ved utleige av kultursalen ved Storebø skule.”

124/09: BUDSJETTSITUASJONEN FOR 2. HALVÅR 2009 - BARNEVERNET

Vedtak:

Austevoll kommunestyre løyver kr 600.000,- som tilleggsløyving til barneverntenesta.

Løyvinga vert dekkja ved tilsvarande reduksjon i avsetjing til nedbetaling av tidlegare oppsamla underskot.

125/09: RAPPORT - GJENNOMGANG AV DRIFT OG ØKONOMI I PLEIE- OG OMSORGSEKTOREN

Handsaming i møtet:

Framlegg frå Frp v/Narve Møgster:

- ”1. Austevoll kommunestyre ber om at konklusjonane i rapporten vert lagt til grunn i budsjettarbeidet.
2. Austevoll kommunestyre vil koma attende til saka om rapport/overskriding i etaten på eit ekstraordinært kommunestyremøte om ca. 14 dagar.”

Framlegget vart samrøystes vedteke:

Vedtak:

1. Austevoll kommunestyre ber om at konklusjonane i rapporten vert lagt til grunn i budsjettarbeidet.
2. Austevoll kommunestyre vil koma attende til saka om rapport/overskriding i etaten på eit ekstraordinært kommunestyremøte om ca. 14 dagar.

126/09: DEN KULTURELLE SPASERSTOKKEN- TILSKOT

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek at kulturmidlane som er tildelt til den Kulturelle spacerstokken vert fordelt slik: Eldretreff får tildelt kr 25.000,- Lagt føring frå Eldrerådet at delar av midlane går til ”busstur med kulturmål” våren 2010. Song og dykjelaget får tildelt kr 25.000,- til prosjekt ”Gamle lokale viser”

127/09: SITUASJONEN FOR LEGETENESTA I AUSTEVOLL, NO OG I FRAMTIDA

Vedtak:

Spørsmålet om styrking av legetenesta vert å vurdere i budsjett- og økonomiplansamanheng.

128/09: UTVIDING AKSJEKAPITAL I AUSTEVOLL UTBYGGINGSSKAP AS

Vedtak:

Austevoll kommunestyre vedtek å kjøpa aksjar i Austevoll utbyggingsselskap AS gjennom å auka aksjekapitalen i selskapet. Kommunestyret føreset at Austevoll kommune og Austevoll kraftlag BA vert like store eigarar av selskapet.

Austevoll kommunestyre løyver inntil kr. 205.029,- til teikning av aksjar finansiert av fond frå salsinntekter/refusjonar.

Austevoll kommunestyret vil koma attende til løyving av driftstilskot til selskapet under budsjettføreaving for 2010.

Rett utskrift:

Astrid Norunn Fagerbakke